



I skulen i Herøysund er det god akustikk og Røysterett for alle trivst godt der (Foto: Ola Matti Mathisen).

Røysterett for alle har allereie teke eit langt steg framover under den nye dirigenten sin, Maria Malmsten. Det vil alle kunne høyra som laurdag møter fram under det store songartreffet på Husnes. Det samlar inn på 150 songarar frå sju kor. Der stiller koret som har sin base i Uskedalen i storform!



Maria Malmsten i aksjon under torsdagsøvinga i Herøysund. (Foto: Ola Matti Mathisen).

- Dette er ein kjekk gjeng, det er utruleg lett å jobbe med dei og lett å forme dei, sa Maria til uskedalen.no då vi var fluge på veggan under øvinga torsdag kveld i Bringedalsbygda skule.

Ho priste songarane for gode prestasjonar i det siste, ikkje minst under festen for Tjerand Lunde på Valen.

- Eg gler meg verkeleg til å jobba vidare med Røysterett for alle, la ho til. Svein Rimestad, som skal vera konferansier under songartreffet, kvitterte slik: - Maria er berre fantastisk, ho utstrålar stor energi og dynamikk og ei ei sjeldan inspirasjonskjelde. Vi har utruleg stor respekt for henne og tør ikkje anna enn å pugga tekstane. Samstundes kostar det oss stadig mindre å dumma seg ut for henne.

Ho er med andre ord ein framifrå pedagog!

Leiar Lars Henrik Skogtun legg til at det var eit lykketreff å ansetta Maria og at dei koser seg på og ser fram til øvingane med henne.

Det er da også Maria som skal dirigera fellesnummeret til slutt under konserten i Husnes Kulturhus. I dette Sande-året er det, ikkje overraskande, Jonsok-kvelden.

Røysterett for alle har også to andre Sandesongar på repertoaret under konserten, Fløytelåt og Då Daniel drog og skal elles syngja to folketonar: Bruremarsj frå Østerdalen og So ro godt barn.

Tidlegare på dagen skal tre av kora og mellom dei Røysterett for alle driva busksong rundt om på Husnes og under det store songarballet i festsalen om kvelden slår 'vårt' kor seg verkeleg laus med All you need is loving og Ticket to ride. Då vil tilhøyrarane til fulle få sanna at koret har lagt fleire alen til sin vekst med omsyn til dynamikk og timing.

Under festen har Røysterett for alle også den svenske Slutkör på programmet, den sangen der het heiter at 'vinet børjar ta slut i glaset'.

- Dykk må kunna ni songar utanat før laurdagen og det klarar dykk fint, sa Maria til koret under torsdagsøvinga. Og det var ikkje mange som nytta fuskelappar der!
- Bli med og syng du og, sa Maria til reporteren frå uskedalen.no.
- Vi har ikkje fått den Gudegåva, svara vi.
- Det spelar inga rolle, det er fleire her som mimar, sa Maria.
Som ein forstår: Det er ikkje langt til latteren under øvingane i Røyserett for alle denne hausten.
Det var det forresten ikkje før heller.....
Av Ola Matti Mathisen



Den nye dirigenten gler seg til å arbeide vidare med Røyserett for alle. (Foto: Ola Matti Mathisen)